# KIRKEBLAD
FOR
# DAVIK

| Nr. 5 | Utkommer annenhver måned | September 1930 | Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik | 1. årg. |
|---|---|---|---|---|

**Bøn ved konfirmasjonen.**

Du som veien er og livet,
dig vi har vårt håndslag givet,
dig det er på hvem vi tror.
Mellem alle verdens røster
din er ene den som trøster,
led oss i ditt hyrdespor.

Hjelp oss på de trange stier,
støtt oss i de bratte lier,
sval oss under dagens brand.
Vokt oss på de glatte stene,
trøst oss, skal vi vandre ene,
du som alltid vil og kan.

Giv at dig vi følger efter,
styrk de små, de svake krefter,
bøi vår vilje, smelt vår tross.
Lat ditt navn i hjertet brennes,
så ved dig vi her må kjennes,
og du hist må kjenne oss.

*Christian Richardt.*

---

**Våre løfter.**

Betal den Høieste dine løfter.
Salme 50, 14.

I denne mektige botssalme formaner Herren oss til å gjøre bot. Og den sanne botferdighet skal blandt annet vise sig deri at vi b e t a l e r  H e r r e n  v å r e  l ø f t e r.

Der avlegges mange løfter. Ak, vi er bare altfor snare til å gjøre det. Der er dem som strør løfter omkring sig, store, vidtrekkende, betydningsfulle løfter og små »betydningsløse« løfter. Det er ikke noget godt merke, at et menneske er så flink til å love. For det må befryktes at den som gjør det, han har mange brutte løfter på sin samvittighet. Og b r u t t e  l ø f t e r — det er overskriften over mange sørgelige kapitler i menneskelivet, både for dem som gav dem og for dem som mottok dem. De har voldt megen sjælekval og mange bitre tårer. Ja, brutte løfter har vært årsak til mange brutte menneskeliv.

Her er dog ikke nærmest tale om de løfter som det ene menneske gir det annet, men om visse løfter til Gud. Israels folk hadde gjort Gud sitt store løfte, da det inngikk pakt med Ham. Og dertil kom de løfter som israeliter ved en eller annen anledning ellers hadde avlagt til Herren! Betal dem! Hold dem! Det er formaningen her.

Også vi har gjort Herren mange løfter. Å, hvor mange! I nød og trengsel, med døden for øie o. s. v. — hvor mange løfter avlegger vi ikke. Vil Gud i nåde hjelpe oss, så skal vi gjøre dette eller hint. Gi en eller annen gave, forbedre oss på en eller annen måte. Men foruten slike løfter gjelder det også for oss, de kristne, at vi er Guds pakts folk. Også vi er bundet til Herren for livet. Som døpte i den treenige Guds navn og innlemmet i Hans kirke har vi forpliktet oss som Herrens folk. Dette er vårt hovedløfte til Ham — forsake Djevelen og tro på Gud.

Betal den Høieste dine løfter! Lat det være hellig alvor for dig. Husk at du blev et Guds barn i den hellige dåp. Minnes ditt dåpsløfte! Minnes din konfirmasjon! — Den fromme Melanchton pleiet hver eneste dag å gjenta forsakelsen og troesbekjennelsen. Gjør det samme, du også.

Men lat oss også tenke på våre andre løfter. For det er sikkert nok, at mange av oss har vært snare til å gi Gud gode

løfter og snare til å glemme dem. En alvorlig bestrebelse efter å holde løftene til Gud vil utvilsomt drage efter sig, at vi og forsøker å opfylle de løfter vi har gitt mennesker.

Det som skal lette denne hellige troskap for oss, det er, at Herren, den Høieste, er tro i opfyllelsen av sine løfter mot oss. Også dette: at Han som begyndte den gode gjerning i oss, vil fullføre den til Jesu Kristi dag, og at Hans kraft fullkommes i vår skrøpelighet.

(Efter »B. og H.«)

---

**Olsok i Nidaros.**

Lærar Aardalsbakke var som utsending frå Davik prestegjeld tilstades ved Olsokhøgtida i Nidaros. Han tok sjøvegen til Åndalsnes og derifrå med bana til Nidaros. Han skriv m. a.:

Mandag 28. juli kl. 11 skulde det nyreiste langskipet i domkyrkja vigslast. Der var umlag 3000 innbedne. Nokre minuttar fyre 11 stemde det nye orgelet i, og prestane ved domkyrkja med Haugsøen i midten gjekk til hovudinngangen og tok imot kongsfolket med fylgje. Då dei var komne til sete og kongesangen var sungen, kom det store festfylgje. Fyrst kom ein flokk gutar høgtidsamt opp gjenom kyrkja. So dei norske bispar i staselege bispekåpor. Dei utenlandske som kom etterpå med erkebiskop Söderblom i brodden var ikkje ringare. Deretter var det eit heilt fylgje av høge herrar frå inn- og utland, og so kom det store norske prestefylgje. Det var ein straum opp gjenom kyrkja som aldri såg ut til å ta ende. Det skulde vera 300 prestar ialt. Eg trur det var den delen av festfylgjet som verka sterkast. Det heile gjekk svært stilfullt og fint for seg.

Då alle var komne på plass heldt domprovst Haugsøen ei kort, men kraftig tale ut ifrå ordi i Joel 2, 21. Nidarosbispen heldt so preike. Tekst Mat. 16, 15—18. Han tala kraftig og greidt. Alle norske bispar las so kvar sitt stykke, og Nidarosbispen segjer frå, at kyrkja og alt som høyrer henne til er vigsla og helga til Guds ære. So er høgtidi til ende. Eit minne for livet som ingen vil gløyma av dei som var med.

Um kvelden var det ei sjeldan stemningsfull vespergudsteneste i domkyrkja. Dei slutta med stille bøn. Den stundi gløymer ingen. Det var underleg stille i den overfyllte kyrkja. Dei fleste hadde vel den kjensla at noko slikt opplever ein ikkje meir. Etter vesperen var det som om folket ikkje hadde hug å gå ut att. Mest samla dei seg ikring altaret i det nyvigde langskipet. Eg fekk høve til å stå ei stund oppe ved høgaltaret og sjå nedyver den svakt opplyste kyrkja og dei mange menneskje som såg ut til å vera sterkt grepne. I vestfronten trengde kveldsljoset seg inn gjenom det store praktfulle rosevindauga. Det var ei andaktsstund som eg aldri gløymer. Ja, ein hadde i sanning ei kjensla av, at dette er ein heilag stad. Her er Guds hus.

Det var ei uhorveleg menneskjemasse som hadde møtt fram på Stiklestad Olsokdag. Med jarnbane, bil og båt kom folk frå alle kantar. Hognestad preika i Stiklestad-kyrkja, og vi fylgde godt med i høgtalaren. Midt under gudstenesta gjekk det katolske festfylgje framum. Der var mange bispestavar å sjå. Ved Olavsstøtta tala biskop Berggrav med kraft og varme. Det var vel den mest eldfulle tale eg har høyrt.

Torsdag fyre middag var vi i domkyrkja for å høyra Anders Hovden. Kyrkja var fyllt til siste plass då den kvithåra gubben steig på stolen. Både tala og salmane var på nynorsk. Provst Dahl frå Færøyane har sagt til bladi, at det mest høgtidsame ved kyrkjefesten var gudstenesta i Stiklestadkyrkja og Hovdens tale i Nidaros-domen.

---

**Gudstenester.**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 14. | sundag | etter treining, | 21. | septbr.: | Davik. |
| 15. | » | » | 28. | » : | Rugsund. |
| 16. | » | » | 5. | oktbr.: | Aalfot. |
| 17. | » | » | 12. | » : | Totland. |
| 18. | » | » | 19. | » : | Davik. |
| 19. | » | » | 26. | » : | Rugsund. |
| Bededag | | | 31. | » : | Davik. |
| Helgamessesundag | | | 2. | novbr.: | Aalfot. |
| 21. | sundag | etter treining, | 9. | » : | Rugsund. |
| 22. | » | » | 16. | » : | Totland. |

Frå 14. til 17. sundag etter treining vert det konfirmasjon. Ved alle dei andre gudstenester altargang um nokon ynskjer det.

†

## Våre døde.

11. juni: Severin Rasmusson Tytingvåg, gift fiskar, fødd 1847, dødsorsak: alderdom.
13. juni: Oddny Hessevåg, fødd 1918, sukkersykje.
9. juli: Alida Jonsdtr. Haus, ugift tenar, f. 1872, døydde i Kvernevik i Selje, hjerneslag.
13. juli: Jens Rasmusson Sølvberg, Solibakke, gift gbr og bygningsmann, f. 1869 i Utvik, hjartesjukdom.
24. juli: Karolina Arnesdtr. Ervik, heimeverande, f. 1913, brystsjukdom.
4. aug.: Ole Hansson Gjesdal, gift kårmann, f. 1846, tarmslyng.
19. aug.: Lasse Rosenlund, tidlegare kommandersersjant og poståpnar, f. 1858 i Vik i Sogn, hjartesjukdom.

**Imens du lever, lev da så**
**at du kan salig blive.**

---

## Draumkvæde
## um kyrkja i Kjølsdal, 1909.

Kyrkje kjem ein gong i dalen,
tårn skal peika høgt mot sky.
Her vert kvild i heimehagen,
til det nye morgengry.
Folket her hev lenge vona,
at den dagen koma må,
då ei breide fjorden hindrar
den som vil til kyrkje nå.

Gamle klokka då skal ljoma,
vakna upp frå kvila lang,
spela upp dei gamle tonar
so det høyrest yver vang.
Ho er frå eldgamle dagar,
fyre svartedaudens tid;
mangein trøytt ho heim hev kalla,
til si kvild frå livsens strid.

Stongi uppå høge tårnet
viser vegen som Han for,
høvdingen, Guds son einborne,
Han, vår frelsar, god og stor.
I vår sjæl og hug må brenna
lengsel til den same veg.
Kyrkjetårn, peik du mot stjerna
som oss upp til himlen dreg!

Fjortan hundrad år attende
syner her no fedrars grav,
kvilestaden som deim gøymde,
som deim fedrajordi gav.
Vi må hava same hugen,
leva i vår heimebygd.
Fyrst arbeida, stød og trugen,
og so sova her i trygd.

P. M.

---

## Notisar.

**Kyrkjeleg statistikk** for Bjørgvin bispedøme i 1929: 7733 fødde, 275 fødde utanfor ekteskap, 7566 døypte, 8103 konfirmera, 2430 kyrkjeleg vigde ektepar, 87 borgarleg gifte par, 68208 altargjester = 16.65 prosent av folketalet, 4676 jordfeste, 30 innmelde i kyrkja og 132 utmelde.

**Talet på konfirmantar** vert iår: Davik 16, Rugsund 18, Aalfot 5, Totland 14.

**Ofringar:** I Davik 8. juni til heidningmisjonen kr. 99.27. — I Davik 29. juli til Mosterkyrkja 108 kroner.

**Ektevigde:** 20. juni i Totland gbr. Anders Olsson Leivdal, Stårheim og Anna Andersdtr Nore. 5. juli i Totland utskiftningskandidat Torleif Jetmundsson Myklebust og Olina Johannesdtr. Nore. 13. juli i Fræna gbr. Torbjørn Rødal og Klara Karlsdtr. Hauge, Berle. 2. august i Totland gardsarbeidar Birger Iversson Kassen, Totland og Petra Andersdtr. Nore. 16. august i Davik kafévert Alfred Jørgensson Elvebakke og Jenny Kristensdtr. Kleppe, Breim. 25. juni i Davik gbr. Knut Knutsson Domsten og Kari Eriksdtr Sandnes, Olden.

**Basarar:** I Davik 9. juni til heidningmisjonen kr. 161.93. I Eldevik 24. juni til heidningmisjonen kr. 310.00.

**Til kyrkje i Kjølsdal** kom inn 535 kr. ved stemna på sætra 7. juli. Alt var ordna på beste måte av kyrkjenemnda: Berge Humborstad, Knut Horn, Kristen Leite og Matias B. Eikås. Der var gudsteneste ved soknepresten og taler av dr. Kolseth, ordførar Lefdal og lærar Føleide.

**Misjonsforeininga** i Davik krins har for 1929 sendt 25 kr. til Israelsmisjonen, 25 kr. til Santalmisjonen, 650 kr. til heidningmisjonen.

**Til Nordfjord indremisjon** kom inn i rekneskapsåret 1929—30: Frå Bryggja 45 kr., Davik indremisjonsforeining 150 kroner, Kjølsdal i.m.foreining 22.90, kollekt i Kjølsdal 24.25; Aalfot i.m.foreining 108.45; Isane i.m.foreining 57.00.

**Skulestyret** gjorde for eit par år sidan vedtak um, at skulehusa ikkje må brukast til religiøse møte av slike som ikkje høyrer til statskyrkja. Det påkviler krinsformennene å passa på, at vedtaket vert fylgt

**Orgelsaka i Davik.** Fullt innbetalte gåver: Olav Lien 50 kr., P. Drageset 100 kr.,

**Adventistane,** den sekt som hevda at ein skal halda sabbaten, laurdagen, heilag, sender ofte ut bokseljarar her i bygdene. Nyleg var her ein i Davik. Dei seier **ikkje,** at det er adventistbøker dei sel, og so vert folk narra til å kjøpa. Sjå etter um bøkene er utgjevne av **»Skandinavisk bokforlag«;** då er det adventistbøker og sjølvsagt ikkje noko å kasta pengar burt på.

**Kontingent** er til 20. august betalt av:

**Aalfot:** Ole O. Myklebust, Henrik Førde, Tollef Førde, R. Løken 3 kr. O. Askevik, Andreas Vik 2 kr. — **Torheim:** Ole A. Torheim, Johan Torheim 3 kr. — **Isane:** Alfr. Førde, A. Skarstein 3 kr. R. Isehaug, Oline A. Isene 2 kr. -- **Dombestein:** Anna Seime, Martines N. Dommesten 3 kr. **Davik:** P. H. Endal 2.50, Malene Lund 1.50, Ane Bøen kr. 2.00. R. P. Daviknes, Marie H. Bakke, P. Drageset, P. R. Bøen 3 kr. —**Endal:** Reiel Endal 2 kr. — **Reksnes:** H. P. Reksnes, Martinus M. Reksnes 3 kr. — **Kjølsdal:** Jakob Berstad, O. Kvien, Kristian Kvien 2.50, kjøpmann Sundal, kjøpmann J. Kjøllesdal, J. Eikås, Ingvar Sundal 3 kr., Rasmus Berstad, P Iohnsen 2 kr. — **Haus:** Karl Ravnefjell, A. Bjørkelo, Anders E. Ervik, Oline Ervik 3 kr., Arne Ervik 2 kr. — **Maurstad:** Brynjel Maurstad 2 kr., R. Holvik, Kr. Heggheim 3 kr. — **Rimstad:** Henrik Gjesdal, P. Skareide 2 kr., J. Runshaug 3 kr. — **Nordstrand:** Kr. Gjengedal, D. Verpeide, O. Vemmelsvik, D. Almenning 3 kr., E. Bergesen, Johan Kvamme, H. Brunsvik, Jonas J. Falkevik 2 kr. — **Tytingvåg:** Karolus Furnes 2 kr., lærar Eikås 3 kr. — **Husevåg:** Gabriel Husevåg 3 kr. -- **Oldeide:** Johan J. Oldeide 3 kr. — **Hamnen:** Østen Nygård, Kr. Hunskår, Ivar Havnen, Einar Hunskår 3 kr., Marie Hunskår, Nils Havnen, lærar Hunskår 2 kr. — **Rugsund:** Rasmus S. Olsbø, Alfr. Haugland 3 kr. Sivert Strand, Albert G. Nybø 2 kr. J. Fløtre 4 kr. — **Leirgulen:** Alvhild Fjellestad 5 kr. Anders R. Bortneskår 3 kr. R. A. Bortneskår 4 kr. Susanne Lofnes, Anna P. Lofnes 2 kr. — **Berle:** Andreas Skarstein, lærar L. Førde 3 kr. Sakarias Hestevik, Jens Øvrebø, Jørgen Skarstein, Anton S. Berle 2 kr. G. Steinset 1 kr. Anton Liset 2.50. Nils Nyborg 4 kr. — **Hennøy:** I. Rise, B. Rise, Jesper Klubben 2 kr. Hans Henøen 3 kr. **Utanbygds:** Oline Vingelven (Kristiansand), Kristine Daviknes (Korssund), Mina Nilsen (Nesttun), 3 kr.

Hjarteleg takk til alle.

**Olsokdag i Davik** vart ein gild høgtidsdag. Over 1000 menneskje var tilstades. Atter vil eg takka alle songarar, talarar, spelarar — som var med og gjorde dagen til ein festdag som lenge vil minnast.

**Kollekt i Berle** til indremisjonen 19. august: Kr. 32.15.

## Ekteskap av fråskilde.

Som ein har set i bladi var det nyleg ein prest i Oslo som fekk embete, endå han var fråskild og uppattgift. Biskopen nekta å gjeva han kallsbrev; provsten vilde ikkje setja han inn; men det tok ikkje statsråden umsyn til. Skilsmål aukar i vår tid, ekteskapet vert meir og meir undergrave. Og so skal det stå ein prest og ta imot lovnaden frå dei som vert gifte, at dei vil halda saman i gode og vonde dagar til dess døden skil dei åt, og folk veit at han sjølv er fråskild og uppattgift! Det må vekkja sorg og harme når statsmaktene soleis brutalt set seg ut over all sømd.

Kva Guds ord lærer um skilsmål kan ein sjølv lesa i Bibelen. 1 Mark. 10, 9 seier Jesus, at det som Gud hev binde ihop skal ikkje menneskja skilja. I v. 11 og 12 seier han, at dersom nokon skil seg frå ektemaken sin og gifter seg med ein annan, so gjer dei hor. Det andre »ekteskapet« er ikkje noko ekteskap, men berre utukt, hor. Det same står i Luk. 16, 18. Og Paulus seier i 1. Kor. 7, 10—11, at den som er skild, skal leva ugift eller semjast med ektemaken, altso ikkje gifta seg uppatt.

R. S.

## Sogneprester i Davik.

6. *Wilhelm Christian Magelssen* var født i Kristiania i 1804, tok embedseksamen i 1827 og blev sogneprest i Davik i 1828. Han var her til 1834 da han blev prest i Sogndal. Senere var han sogneprest i Østre Toten. Han var en meget fremragende prædikant.

7. *Gabriel Joakim Lund* var født i Lyngdal i 1801 og blev sogneprest i Davik i 1834. Han døde den 27. mai 1844 og er begravet på kirkegården i Davik. Han var en meget før og svær mann. I hans tid blev ungdommen i Rugsund fritatt for å reise til Davik til konfirmantundervisning. Den store Pontoppidans forklaring blev byttet med Saxtorfs Udtog, ikke uten nogen motstand.

(Forts).

Ed. B. Giertsens Boktrykkeri, Bergen.